



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.10.2014

Vår ref.: 2014/7819

Arkivnr.: 524.0

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høyring av ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket frå Fylkesmannen i Rogaland

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 09.07.2014. Vår uttale vil i hovudsak følgje same tematiske rekkefølge som i høyringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD).

Oppsummering

Våre hovudinnspel er som følgjer:

Generelt:

- FMRO meiner at ny forskrift om produksjons- og avløysartilskot vil resultere i at ordninga blir meir utydeleg og vanskelegare for søkjar å forstå. Den vil og vere meir tidkrevjande å forvalte og faren for usakleg forskjellsbehandling blir større.
- FMRO vil sterkt oppfordre LMD til å gjennomføre nødvendig prosess for å flytte alt kontrollarbeid som ikkje følgjer direkte av saksbehandlinga eitt nivå opp, slik at Fylkesmannen blir ansvarleg for kontrollarbeid knytt til ordningane og Landbruksdirektoratet blir klageinstans.
- Det er generelt behov for godt rettleiingsmateriale knytt til den nye forskrifta. Vi vil særleg trekkje fram kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» og kravet til gjødslingsplan.

FMRO rår frå:

- FMRO støttar ikkje å fjerne regelen om felles eigarinteresser. Ei fjerning av denne regelen gir inga forenkling. Felles eigarskap er eit vilkår det er enkelt å forstå og kontrollere. Fjerning av dette vilkåret og vidareføring av føresegna om driftsfellesskap vil føre til meir uvisse for søkjar. Dessutan vil slike endringar gi eit uoversiktleg bilete og tidkrevjande og komplisert kontroll for forvaltninga.
- FMRO rår frå at driftsformer som i utgangspunktet gir mistanke om driftsfellesskap, som t.d. ektefeller med kvart sitt føretak og to føretak med dyr i same bygning, skal handamast på lik måte som i dag. FMRO meiner at slike løysingar må avklarast gjennom dispensasjonssøknad.
- FMRO rår klart frå endring av krav til vegetasjonssone langs vassdrag.
- FMRO rår frå fjerning av regulering av dag for søknadsfrist.

FMRO støttar:

- FMRO støttar at produksjonstilskot og avløysartilskot for ferie og fritid kjem inn i same forskrift, men vil ytre ei viss uro knytt til om vi klarer å halde oppe gode avløysarordningar og riktig dokumentasjon med dei endringane som er foreslåtte.
- Det er presisert at samdrift med berre ein aktiv medlem, der denne medlemmen driv enkeltpersonsforetak i tillegg, er å sjå på som driftsfellesskap. FMRO støttar denne presiseringa. Vi vil samtidig etterlyse klarare rettleiing kring grensene for driftsfellesskap generelt.
- FMRO er positiv til nytt reaksjonsmønster ved stadfesting av driftsfellesskap, så lenge forvaltninga får rom til å vurdere storleiken på avkortinga.
- FMRO støttar at utegløymt føring på søknaden berre kan endrast ved godkjenning av dispensasjon etter ein gitt frist. Dispensasjonsadgangen bør vere snever.
- FMRO støttar innføring av vilkår om gjødslingsplan og sprøytejournal. I tillegg vil vi tilrå innføring av krav til skiftenoteringar.

Vår uttale

1. Generelt

Gjennomgåande i høyringsnotatet kjem det fram at det blir sett høgt krav til at bonden som sjølvstendig næringsdrivande skal kjenne regelverket godt. Dette er eit krav vi støttar. Samtidig meiner vi at det også må stillast høgt krav til enkelt og forståeleg regelverk. Skal søkjaren forstå reglane som gjeld for tilskotet og rette seg etter desse, må ikkje reglane vere vanskelege å forstå. Det stiller også høgt krav til god forvaltning i alle ledd. Den nye forskrifta inneheld fleire reglar som kan vere vanskelege for søkjaren å forstå innhaldet i og rekkjevidda av (til dømes ny § 7).

Det er høgt fokus på forenkling i landbruksforvaltninga i dag, og det blir fleire plassar presisert at ny forskrift utgjør ei forenkling. Fleire av desse endringane er forenkling i form av t.d. mindre forskriftstekst, noko som ikkje nødvendigvis er ei forenkling i praksis. Forskriftsutkastet som ligg føre vil mest sannsynleg føre til meir krevjande forvaltning og større rom for tolking. På fleire punkt er det og nødvendig med god juridisk kompetanse. Dette resulterer i eit regelverk som er meir uklart for søkjar og meir tidkrevjande for forvaltninga. Det er også viktig å hugse på at tilgangen på juridisk kompetanse for landbruksforvaltninga er liten i mange kommunar. Risikoen for usakleg forskjellsbehandling aukar og med aukande tal skjønsmessige vurderingar forvaltninga må gjere. FMRO viser til at dersom regelverket blir ståande som i forslaget, blir det viktig at det kjem gode og klare retningslinjer i rettleiingsmateriale. Gode retningslinjer med klare grensdragningar sikrar betre likebehandling, kortare saksbehandlingstid i forvaltninga, og mindre rom for feiltolking frå søkjar si side.

2. Grunnvilkåra for tilskot

Til punkt 2.2.1 - krav til vanleg jordbruksproduksjon

Kravet til vanleg jordbruksproduksjon blir no ståande som eit av to grunnvilkår for å ha rett på tilskot. Det er derfor nødvendig med gode retningslinjer i rundskriv som seier noko om kva som ligg i det å drive «vanleg jordbruksproduksjon». I høyringsnotatet er det sett opp eit døme med ekstensiv drift i mjølkeproduksjon. Tilsvarende bør det i rundskriv koma retningslinjer for andre dyreslag og andre produksjonar. Så lenge det her er snakk om tilskot som blir gitt for å produsera, er det behov for retningslinjer for kor ekstensiv drift det skal vere rom for å godkjenne, for å unngå ulik behandling mellom kommunar og fylker. Fylkesmannen ser at det ved å setje opp slike grenser vil vere risiko for at dette blir oppfatta som grenser og ikkje minimumskrav. Likevel meiner vi det er viktig for å sikre lik behandling av saker og for at søkjar skal forstå meir av kva som ligg i kravet.

I kravet om å drive vanleg jordbruksproduksjon blir det ikkje sagt noko om tilskot til drift med industrielt preg. I Rogaland har vi fleire døme på føretak som er så store at det kan vere grunnlag for snakk om industrielt preg. Slik drift kan føre med seg utfordringar knytt til mellom anna antibiotikabruk, sjukdomsutbrot, spreieareal/gjødselhandtering og dyrevelferd. Så lenge det er eit krav til å drive «vanleg jordbruksproduksjon», bør det vurderast om tilskot også skal avgrensast mot industriell drift, og kva som i så tilfelle blir meint med industriell drift.

Til punkt 2.2.2 – oppheving av kravet om tilknytning til landbrukseigedom

FMRO er einig i at dette kravet har mista verdi, så lenge mjølkeproduksjon, pelsdyrproduksjon og produksjon i veksthus mv. på frådelt tomter blir godkjent. Slik drift er det fleire døme på i Rogaland. Likevel ser vi at det vil bli behov for tydelege retningslinjer i rundskriv på kva som ligg i kravet til vanleg jordbruksproduksjon dersom kravet om tilknytning til landbrukseigedom skal fjernast heilt. Dette for å unngå for stor utvatning frå tilknytninga til landbrukseigedom.

3.Driftsfellesskap

Til punkt 3.2 – felles formelle eigarinteresser

FMRO er ikkje einig i at det å fjerne regelen om felles eigarinteresser utgjer ei forenkling. Regelen om felles eigarinteresser er enkel å forstå og enkel å forvalte. Det same gjeld unntaksregelen. Å ta felles eigarinteresser inn som ein del av driftsfellesskapsvurderinga, vil medføre større usikkerheit for søkjaren om kva som er greitt etter regelverket. Det er sannsynleg at denne fjerninga også blir oppfatta som eit «frislepp» for å opprette fleire føretak gjennom AS, utan tanke på risikoen for å komme i konflikt med føresegna om driftsfellesskap. Det vil og føre til monaleg meirarbeid for forvaltninga, då driftsfellesskap truleg er den vanskelegaste og mest tidkrevjande delen av regelverket å forvalte. Det er og ein del av regelverket som kommunane kvir seg for å kontrollere, mykje grunna kompleksiteten i regelverket og tida det tek å gjere slike vurderingar.

Fjerning av denne regelen vil kunne føre til at fleire søkjarar speulerer i regelverket. Det må og takast med at andelen aksjeselskap er aukande. Ei fjerning av regelen om felles eigarinteresser kan skyte fart i denne utviklinga. Ei fjerning av krav om tilknytning til landbrukseigedom, vil og kunne bidra til oppretting av fleire aksjeselskap. Auke i tal aksjeselskap vil gjere det vanskelegare for forvaltninga å halde oversikt over føretaka og talet driftsfellesskapsvurderingar vil kunne auke monaleg. Saman vil desse to endringane også kunne føre til ein endring vekk frå det tradisjonelle landbruket.

FMRO vil rå frå at vurderinga kring eigarinteresser går inn i driftsfellesskapsvurderinga. Dersom regelendringa likevel blir gjennomført, vil det vere nødvendig med klarare retningslinjer for korleis slike saker skal behandlast og vektast i driftsfellesskapsvurderinga. Mellom anna vil det vere nødvendig med retningslinjer på kor stor eigarandel det vil vere mogleg å ha, utan at denne aleine er nok til å seie at her er driftsfellesskap. FMRO meiner at eigarinteresser aleine normalt vil vere nok til å konstatere driftsfellesskap, dersom eigarandelen er tilstrekkeleg stor. Det er og nødvendig at eigarskap mellom føretak blir fanga opp i dei maskinelle kontrollane. Skal forvaltninga kunne halde oversikt over moglege driftsfellesskapsaker grunna eigarinteresser, må det vere mogleg å fange opp desse lettare enn det som er tilfelle i dag. Dette både av omsyn til søkjar og for å gjere forvaltninga mindre tidkrevjande.

FMRO ser at fjerning av regelen om eigarinteresser er positivt for dei som driv både økologisk og konvensjonelt, men vi meiner at det ville vere uproblematisk at dette blei løyst gjennom ein unntaksregel. Ein slik unntaksregel ville vore enkel å forvalte og enkel for søkjar å forstå.

Til punkt 3.3 – driftsfellesskapsregelen

FMRO meiner at det er eit stort behov for klarare retningslinjer når det gjeld driftsfellesskap. Det må vere mogleg å setje opp nokre absolutte grenser for kva som heilt klart fell innanfor driftsfellesskap. Det vil alltid vere risiko for at nokon oppfattar dette som ei grense og ikkje eit minstemål, men då blir i det minste dei mest alvorlege tilfella lettare å behandle, og det blir lettare å vekte momenta opp mot kvarandre. Skal forvaltninga greie å gjere betre og ikkje minst fleire driftsfellesskapsvurderingar, må grensesettinga blir betre. I høyringsnotatet stadfestar LMD at ei organisering av drifta, der ein person driv eige enkeltpersonsføretak og er einaste aktive medlem i ei samdrift, normalt er å sjå på som driftsfellesskap. Dette er FMRO einig i, og det er bra at dette blir kommunisert så tydeleg i høyringsnotatet. Det er klart behov for fleire slike grensesettingar. Når det gjeld samdrifter, ser vi og at denne presiseringa vil reise spørsmål om kor aktive medlemmer i samdrift kan vere før dei kjem i strid med driftsfellesskapsregelen. Meir rettleiing kring samdrifter på dette punktet bør og følgje i nytt rundskriv.

I dag er det opna for at ektepar kan drive kvart sitt føretak, eller at familiemedlem har kvart sitt føretak på same eigedom. Dyr frå to føretak i same driftsbygning er heller ikkje automatisk å sjå på som driftsfellesskap. FMRO meiner at dersom det framleis skal opnast for å godkjenne slike

organiseringar, som i utgangspunktet utløyser varsellamper i forvaltninga, burde det løysast gjennom krav om dispensasjon. Slik hadde ein sikra at det blei gjort ei vurdering av drifta før oppstart. Vilkår sikrar at kommunen likevel kan konstatere driftsfellesskap dersom drifta blir endra. Ved å godkjenne driftsforma for korte periodar, vil ein og sikre at eventuelle endringar i drifta blir oppdaga. Dette vil medføre meirarbeid for forvaltninga, men vil sikra søkjarane langt betre enn i dag. Dette er ein regel som søkjarane har vanskeleg for å skjønna fullt ut, og stadfesting av driftsfellesskap i ettertid kan råka føretaka svært hardt. Saker som i utgangspunktet gir mistanke om driftsfellesskap, burde då behandlast spesielt.

LMD skriv at det sjeldan eller aldri vil vere grunnlag for å konstatere god tru i driftsfellesskapsaker. Etter FMRO si erfaring, er søkjarane flinke til å oppsøke kommunen når dei er i oppstartsfasen. Driftsfellesskap er gjerne eit tema som kjem på banen. I tilfelle der kommunen vurderer at organiseringa er i samsvar med regelverket, og det seinare blir konstatert driftsfellesskap, kan det vere uforståeleg å seie at det her sjeldan eller aldri er god tru. FMRO er klar over at forvaltninga skal vere forsiktig med å rettleie for mykje om kor grensene for driftsfellesskap går. Samtidig meiner vi det er positivt at søkjarane oppsøker kommunen før dei startar opp. I slik dialog er det mange saker som har blitt stoppa før dei faktisk er i gang, slik at drifta ikkje har blitt lagt opp i strid med regelverket. Slik dialog er det ønskeleg at kommunane held fram med.

FMRO meiner det er dobbeltkommunikasjon i høyringsnotatet når det gjeld reaksjon ved stadfesting av driftsfellesskap. For å gjere regelverket meir fleksibelt, blir det foreslått at søkjarane kan søkja tilskot samla, men at samla søknad skal avkortast. LMD skriv at det sjeldan vil vere grunnlag for å avkorte mindre enn 100 %. Dermed er utfallet det same som tidlegare. FMRO trur ikkje at avkortinga vil bli handheva slik i praksis, og ser ikkje at fleksibiliteten aukar dersom det som hovudregel skal avkortast 100 %. Det vil og gi lite mening å be søkjarane søkja samla, dersom alt tilskot likevel skal avkortast. Sett bort i frå vurderinga kring storleiken på avkortinga, meiner FMRO at denne endringa er god og i tråd med reaksjonsmønster ved andre regelverksbrot etter same forskrift.

Regel om omvendt bevisbyrde og tilbakehald av tilskot blir foreslått fjerna. Det må då kommuniserast tydeleg i rettleiingsmateriale at desse reglane framleis gjeld, og kvifor. Å fjerne denne teksten er forenkling i form av mindre tekst, som kan skape meir forvirring hos søkjar og forvaltning dersom det ikkje blir kommunisert tydeleg i rettleiingsmateriale.

4. Tilskotsordningane

Til punkt 4.2 - Tilskot til husdyr

Det er tenkt at vilkåra for beitetilskot blir flytta frå jordbruksavtalen og til forskrifta. Krav om fôropptak og tal veker på beite blir vidareført. Dette er krav som er svært krevjande å kontrollere.

Slik forskrifta er tenkt bygd opp, vil ei flytting av vilkåra for beitetilskot seie at det blir mogleg å dispensera frå kravet om tal veker på beite for å ha rett på tilskot. I Rogaland er det mange som meiner at kravet til 16 veker beiting i sone 1 – 4 er for høgt. Det er og fleire tilfelle der det er tvil om kravet til hovuddelen av grovfôropptaket skal skje ved beiting, er oppfylt. Denne vurderinga krev mykje arbeid og kompetanse. Kravet til fôropptak på beite er særleg aktuelt no, når Mattilsynet har innført krav om lufting/beite i lausdrift. Det er mange samdrifter som har lite beite tilgjengeleg nær driftsbygningen og som vil ligge på grensa til å kunne oppnå dette kravet. På bakgrunn av desse problemstillingane er det truleg at det vil kome mange dispensasjonssøknadar. FMRO meiner at høve til å dispensera bør vere svært snevert, og at desse problema evt. må løysast på anna vis enn gjennom dispensasjon for den enkelte søkjar. FMRO ber om at det kjem gode retningslinjer rundt den nye dispensasjonsmoglegheita som no kjem.

Krava til at søkjar skal disponere dei dyra som det blir søkt tilskot til (disponeringskravet) bør kome tydelegare fram av forskrifta og rettleiingsmateriale. Det dukkar stadig opp saker der Fylkesmannen ser at dette kravet ikkje er oppfylt. Både i forvaltninga og frå søkjar si side ser FMRO at ein treng meir bevisstgjerjing rundt dette kravet. Då må dette kome tydeleg fram av regelverket. At det i forskrifta står at det kan gis tilskot for dyr føretaket disponerer, gjer ikkje at søkjar utan vidare oppfattar kva vilkår som ligg bak.

Til punkt 4.3 – Tilskot til jordbruksareal.

LMD ynskjer å fjerne særregelen for samdrift som følgjer av dagens forskrift § 4 a, andre ledd bokstav c. Dette meiner Fylkesmannen er positivt. Ved å fjerne særregelen blir skiljet mellom dei ulike føretaka klarare, og det kjem tydelegare fram at det her er snakk om ulike føretak som skal drivast kvar for seg.

Det er presisert at enkelte teigar kan reknast som ikkje tilskotsberettiga. FMRO meiner det er positivt og nødvendig at denne moglegheita kjem tydeleg fram.

Når det gjeld disponeringskravet, bør det og setjast krav om at søkjar skal eige arealet, eller ha skriftleg leigeavtale på dette. Dette vil og harmonisere med disponeringskravet for husdyr. Vidare bør disponeringskravet også her kome klarare fram av forskrifta, jf. avsnitt under husdyrtilskotet.

Krav til gjødslingsplan og sprøytejournal

FMRO støtter forslaget om å inkludere krav til gjødslingsplan og sprøytejournal i forskrift om produksjonstilskot. Vi vil også foreslå at det blir krav til skiftenoteringar der søkjar skriv ned gjødselslag og dato for gjødsling. Det er ofte avvik mellom gjødslingsplanen, og det bonden gjødslar med utan at planen blir oppdatert. I slike tilfelle meiner vi det er tilstrekkeleg at bonden dokumenterer endringane gjennom sine skiftenoteringar. Ei innskjerping av reaksjonen ved brot på gjødslingsplanforskrifta medfører behov for god rettleiing på krava som blir stilt til ein gjødslingsplan, og korleis kommunen skal vurdere gjødslingsplanane.

Areal som blir drive økologisk vil ikkje bli sprøyta med syntetiske sprøytemiddel. Slike areal bør vere unntatt krava til sprøytejournal.

Inngrep i kulturlandskapet

Ny § 4, tredje ledd nr. 2 seier at føretak ikkje skal gjere inngrep som øydelegg kulturlandskapet, med mindre det er gitt særskilt godkjenning etter anna regelverk. Relevante inngrep i Rogaland vil vere:

- Fjerning av steingardar, åkerholmar, rydningsrøyser, gamle ferdsselsårer mv.
- Oppgjødsling av utmark med mineralgjødsel
- Mindre inngrep i og ved vassdrag

FMRO støttar i utgangspunktet presiseringa av at det må liggje føre godkjenning etter anna regelverk. Problema er at det ofte er snakk om mindre inngrep der regelverket er uklart. Det er då utydeleg for kommunen korleis dei skal gå fram. T.d er bruk av mineralgjødsel på utmark for å gjødsle opp til innmarksbeite ikkje regulert med mindre areala er omfatta av skoglova eller er utvald naturtype etter naturmangfaldlova. I Rogaland har dette medført betydelege endringar dei siste 10 – 20 år, der sær verdifulle naturverdiar i kulturlandskapet er gått tapt; så som tradisjonelt ugjødsla kystlynghei, myr og fuktmark, restbiotopar av rik beiteskog og artsrike naturbeiter. FMRO registrerer at det er få tilfelle der oppgjødsling av utmark blir saksbehandla i forvaltninga. Vi meiner at det på same måte som i nydyrkingssaker er naturleg at kommunen er førsteinstans i slike saker.

Steingardar fell inn under kulturminnelova § 2 første ledd: « med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». Steingardane er ikkje automatisk freda kulturminne, og det er ikkje krav om særskilt godkjenning etter kulturminnelova for å fjerne dei. Til no har fjerning av steingardar difor ikkje blitt behandla/vurdert av Fylkeskommunen som kulturminnemyndighet. Kommunane har godkjend riving etter forskrift om produksjonstilskot § 8. Steingardane er ein viktig del av jordbruket sitt kulturlandskap, og det er viktig at riving av steingardar blir regulert.

FMRO understrekar behovet for ei klargjering av korleis saksgangen skal vere i saker som t.d. gjeld oppgjødsling av utmark og fjerning av steingardar.

Krav til vegetasjonssoner langs vassdrag

FMRO støtter ikkje forslag til endringar til krav av vegetasjonssoner langs vassdrag. Vi foreslår ny ordlyd til å vere: «Foretaket skal ha minst to meter vegetasjonsbelte målt fra kanten ned mot vassdrag og kanaler. Vegetasjonsbeltet skal ikke jordarbeides».

I utkastet er ordlyden:

Foretaket «skal ha et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning mot vassdrag eller kanal med årssikker vannføring. Vegetasjonsbeltene kan ikke jordarbeides».

Kva som er eit naturleg vegetasjonsbelte som er eigna til å motverke næringsavrenning er ei fagleg vurdering. Bioforsk sine generelle anbefalingar er at breidda på vegetasjonssonar bør vere minimum 5-10 meter avhengig av fall og hellingslengde på areala. I Rogaland vil eit krav til 10 meter breidde etter våre berekningar føre til at over 20 000¹ dekar fulldyrka og overflatedyrka jordbruksareal går ut av produksjon.

Kommunen og søkjarane vil etter høringsforslaget vere nøydde til å gjere ei fagleg vurdering om den enkelte vegetasjonssona er brei nok til å motverke næringsavrenning. Det vil ikkje føre til enklare forvaltning av regelverket, og vil vere forvirrande for søkjar. Vi kan ikkje forvente at 4500 søkjarar om produksjonstilskot i Rogaland er oppdaterte på kva som er ein fagleg forsvarleg vegetasjonssone langs vassdrag avhengig av jordtype, hellingsgrad, topografi osv. når ikkje ein gong forkinga gir enkle svar på temaet.

Forslaget opnar for ulik praksis mellom kommunar. Vassdrag følgjer ikkje kommunegrensene, og søkjarar som grensar til same vassdrag vil kunne møte ulike krav avhengig av kva kommune areala er i. I ei elv vil næringsavrenninga akkumulere nedover i vassdraget. Øvst i eit vassdrag kan næringsavrenninga frå jordbruk ha liten påverknad lokalt. Det betyr ikkje at næringsstapet ikkje påverkar kvaliteten lengre ned i vassdraga, og i eventuelle innsjøar elva renn ut i. Slike høve vil kunne føre til ulik forvaltning mellom ulike kommunar og mellom ulike fylke.

I notatet side 31 står det at kravet til vegetasjonssone vil samsvare med kravet i vassressurslova § 11. Vidare står det at kravet om kantvegetasjon ikkje vil hindre at vegetasjonsbeltet kan haustast. Vassressurslova sine krav er knytt til funksjonen til kantsonen. Vi stiller spørsmål til om det ikkje vil vere konflikt mellom å hauste ei vegetasjonssone (til dømes gras) og krava til naturleg vegetasjonsbelte etter vassressurslova.


Kravet i gjeldande forskrift er knytt til vassdrag med årssikker vassføring og kanalar utan årssikker vassføring. I rettleinga til søkjar står det «minimum to meter vegetasjonssone som ikkje jordarbeides, mot vassdrag og kanaler». No er det foreslått å avgrense krava til å berre gjelde vassdrag med årssikker vassføring. Eit vassdrag er ikkje årssikker viss det ein gong kvart tiande år

¹ Tal henta frå FKB-AR5 og FKB-vann, Norge digitalt.

går tørt. Forslaget inneheld endå eit moment som kommunen vil måtte gjere ei skjønnsmessegr vurdering av. FMRO ynskjer at kravet til vegetasjonsbeltet skal gjelde alle vassdrag. Bekkane vil normalt ha vassføring i dei periodane overflateavrenninga er stor, og faren for næringsavrenning dermed er størst. Vegetasjonsbelta vil her vere viktige for å motverke næringstap til vassdraga.

Vårt forslag er at ein i staden for å starte avstandsmålinga i frå vasskanten (som i gjeldande PT-forskrift) startar avstandsmålinga frå kanten mot vassdraget (sjå figur 1). Det vil hjelpe på problemet med at kanten raser ut fordi det blir kjørt og jordarbeidd heilt ut. Eit fast meterkrav er enkelt for søkjarane å respektere, for kommunane å handheve, og vil sikre betre likebehandling av søkjarane.

Vi ser at det i enkelte tilfelle vil vere formålstenleg med større vegetasjonssoner enn 2 meter, men meiner at dette bør handterast med lokal forskrift for dei områda dette gjeld.



Figur 1. Stiplet linje: dagens PT-forskrift, hvor vegetasjonssonen måles fra vannkanten, horisontalt opp, og to meter ut. Hel linje: FMRO sitt forslag, hvor vegetasjonssonen måles fra kanten ned mot vassdraget, og to meter ut.

Bestemte rutinar for jordarbeiding.

I dagens PT-forskrift kan Fylkesmannen setje regionale krav til jordarbeidingsrutinar eller andre tiltak i område med erosjonsfare, eller i nedbørsfelt til sårbare vassdrag eller kystområde. Departementet viser til at tilsvarende regel følgjer av jordlova § 11. Vi må spørje korleis departementet ser for seg praktiseringa? FMRO har tidlegare ikkje sett regionale krav etter PT-forskrifta. Med auka fokus på vasskvalitet kan det i nedslagsfeltet til sårbare vassdrag i framtida bli aktuelt å innføre slike krav. Vi ynskjer derfor at Fylkesmannen framleis skal kunne fastsetje lokal forskrift.

Mindre brot på regelverk, som t.d. for lite spreieareal, blir meir omfattande å handtere i ny forskrift, då det ikkje lenger er lagt opp til standardiserte reaksjonar. Mindre avvik på krav om spreieareal bør framleis behandlast med standardiserte reaksjonar for å forenkle forvaltninga og sikre likebehandling.

Til punkt 4.4 – tilskot til grønt – og potetproduksjon.

FMRO har ingen merknader til dette punktet, men ser det som positivt og ryddig at det blir samsvar mellom pristilskota.

Til punkt 4.5 – tilskot til avløyning ved ferie og fritid

FMRO meiner det er positivt at tilskot til avløyning ved ferie og fritid blir teke inn i same forskrift som produksjonstilskot. Dette vil gjere forvaltninga og tolkinga av regelverket enklare. Tilskotet

skal no berre utbetalast til s kjar, og arbeid utf rt av person som har n ringsinntekt fr  f retaket gir ikkje rett p  tilskot. Dette vil ramme samdrifter. Noko av hensikta med samdrifter er   gi grunnlag for meir ferie og fritid for deltakarane ved   dele p  arbeidet. At dette ikkje skal gi rett p  avl ysartilskot, blir dermed ein uheldig konsekvens av dei nye reglane for avl ysartilskotet. FMRO meiner at det b r vere unntak for samdrifter p  dette punktet.

N r det gjeld omlegginga elles, vil vi peike p  at det kan bli problematisk   f  god nok dokumentasjon p  at kjøp av tenester faktisk dreier seg om tenester knytt til f retaket sin husdyrdrift. Det m  g  tydeleg fram av rundskriv kva dokumentasjon som skal leggjast til grunn for   godkjenne utgiftene. Elles er vi redd for at tilskot til avl ysing ved ferie og fritid kan bli brukt til kjøp av heilt andre tenester enn det som er formålet med ordninga.

Vi vil og gi uttrykk for ein viss bekymring n r det gjeld rekruttering av avl ysarar og sikring av rettigheter for avl ysarane dersom denne omlegginga p  sikt f rer til mindre avl ysing via avl ysarlag. Ordninga med avl ysarlag er bygd opp over tid, der hovudformålet har vore   skaffe dyktige og kompetente avl ysarar til gardbrukarane b de til ferie- og fritidsavl ysing, men og til   skaffe avl ysarar ved sjukdom. Endringsforslaget som ligg f re kan svekkje avl ysarlag, og dermed og deira evne til   tilby avl ysing ved sjukdom mv. I dette ligg det og ei viss bekymring for bonden, og tilgangen p  f reseieleg og god avl ysing. Vi ser og at denne omlegginga kan f re til meir arbeid for forvaltninga. Det er i dag etablert system der mykje av dokumentasjonen skjer direkte via avl ysarlag til Fylkesmannen p  ein effektiv og lite arbeidskrevjande m te.

FMRO meiner at det framleis b r vere opning for at avl ysartilskotet kan fordelast mellom f retak ved verksemdoverdraging. Dersom dette blir fjerna fr  forskrifta, b r det flyttast til jordbruksavtalen, slik det er foresl tt i h yringsnotatet.

5. Andre endringar

Til punkt 5.1 om konsekvensar av for seint innlevert s knad

FMRO meiner at fristreguleringa b r behaldast som i dagens forskrift. S  lenge fristen ikkje fell p  ein verkedag, har ikkje s kjar moglegheit for   kontakta kommunen for hjelp. Tekniske problem vil heller ikkje kunne rettast opp s  lenge det ikkje er p  ein verkedag. Skal fristen leggjast p  ein helgedag, b r det vere ein f resetnad at s kjar kan kontakte nokon for hjelp dersom det oppst r problem. Blir ikkje dette gjort, vil det danne grunnlag for mange dispensasjonss knadar, noko som er langt meir tidkrevjande for forvaltninga   handtere enn ein flytting av fristen til n raste verkedag. Sj lv om det er opna for   s kje elektronisk, er dette heller ikkje eit krav, og det er framleis s kjarar som leverer p  papir.

I h yringsnotatet er det presisert at opplysningar s kjar har gl ymt   f re opp etter frist for avvising av s knad, berre kan vurderast dersom det er grunnlag for dispensasjon fr  s knadsfristen. Ein slik klargjering ser FMRO p  som positivt. Dette stiller krav til at s kjar m  vere merksam ved utfylling av s knaden og s rgje for at denne er korrekt. Det vil og f re til mindre arbeid i forvaltninga, gitt at det blir lagt opp til ein snever dispensasjonsadgang.

Den nye forskrifta opnar for at forvaltninga framleis kan gjere rettingar i s knaden etter innlevering av denne. Det er i dag ei utfordring at fleire i forvaltninga gjer rettingar, utan at det ligg f re noko forklaring rundt kvifor s knaden er retta. Det st r tydeleg i rundskriv korleis slik retting skal handterast. FMRO ser likevel at det er behov for   auke merksemda p  dette området. Det b r klart presiserast kva forvaltninga kan gjere av rettingar og endringar, og kva som i s  tilfelle m  hentast inn av dokumentasjon, stadfesting fr  s kjar mv. Til d mes kan det vere til god hjelp, dersom det maskinelle systemet krev at kommunen skriv i merknadsfeltet dersom dei gjer endringar i tala i h ve til det s kjar sj lv har f rt opp.

6. Økonomiske, administrative konsekvensar

I ny forskrift er det lagt opp til at fleire reglar skal vurderast skjønnsmessig. Det er derfor grunn til å tru at forskrifta fører til meir arbeid for forvaltninga i kommunane og hos Fylkesmannen.

7. Organisering av kontrollarbeidet

Kontroll er ein av dei viktigaste oppgåvene for forvaltninga innan produksjons- og avløysartilskot. Det er fleire utfordringar knytt til dagens organisering av kontrollarbeidet. Det gjeld mellom anna kommunen si «dobbeltrolle» som kontrollør og rådgivar og nærleiken til søkjar. Det er og utfordringar for forvaltninga generelt når det gjeld tilgang på nødvendig kompetanse innan juss, økonomi mv. som ein treng i saksbehandlinga, særleg når det gjeld driftsfellesskap. Nytt regelverk viser også at dette er kompetanse det blir stadig meir naudsynt å ha i kontrollarbeidet.

FMRO meiner at det snarast mogleg bør startast ein prosess, der organisering av kontrollarbeidet blir endra. Etter FMRO si meining, bør kontrollarbeidet som ikkje fylgjer direkte av søknadsbehandlinga, leggjast til Fylkesmannen som fyrsteinstant. Vi meiner at dobbeltrolla som kommunane i dag sit med, er lite forsvarleg. I dag skal kommunane gi råd til søkjarane om forståing av regelverket og behandle søknadane deira. Samtidig skal dei gjennomføra risikobaserte kontrollar av dei same søkjarane. Noverande ordning utfordrar rettstryggleik, likebehandling og legitimiteten til dei økonomiske verkemidla. I tillegg til kommunane si dobbeltrolle, er det vanskeleg for dei å setje av nok ressursar til å gå djupt nok inn i tunge sakar som t.d. driftsfellesskapssakar. Dette er kompliserte kontrollar, som det tek mykje tid å utvikle god kompetanse innan. Å påleggje kommunane dette, gir problem. Desse utfordringane viser også igjen i riksrevisjonen sin rapport om årleg revisjon og kontroll for budsjettåret 2013. FMRO meiner at dei utfordringane riksrevisjonen peikar på, berre kan imøtekommast godt nok ved å flytte deler av kontrolloppgåvene eitt nivå opp. Slik vil vi kunne utvikle betydelig forbetring av kontrollarbeidet, både i utvikling av kompetanse og nødvendig kapasitet. Fylkesmannen vil trenge meir ressursar til kontrollarbeidet, men meiner at ressursane som blir brukte generelt i forvaltninga sitt kontrollarbeid, vil bli mindre. Dette fordi Fylkesmannen vil få høve til å utvikle spisskompetanse innan kontrollarbeidet og dermed jobbe meir effektivt og målretta med dette. FMRO viser til at det i stor grad er Fylkesmennene som stadfester regelverksbrot i form av t.d. driftsfellesskap i dag. Dette viser at dagens modell ikkje fungerer optimalt. Ved flytting vil vi og oppnå større grad av likebehandling gjennom sjølve kontrollarbeidet og ikkje minst at vi får eitt og same klageorgan, landbruksdirektoratet, for alle sakene.

Det blir stadig fokusert på at kontrollarbeidet må skjerpast. Skal vi greie dette, meiner FMRO at dagens modell for kontroll må endrast.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Linn Borsheim
Saksbehandlar telefon: 51568924
E-post: fmrolbo@fylkesmannen.no